



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jarle Berggraf, 55572264

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
06. 10. 2015	
Ark. saksnr.	Løpenr.
14/18 b7	
Saksnr.	Tilgangskode

Vår dato
28.09.2015
Dykkar dato
25.06.2015

Vår referanse
2015/9018 611
Dykkar referanse
14/1867

Stadfesting av kommunalt vedtak - Økonomisk likeverdig behandling - Etterjustering av tilskot 2014 - Lindås kommune

Vi viser til klage på etterjustering av tilskot for 2014 for ikke-kommunale barnehagar, mottatt her den 25. juni 2015.

Vedtak

Fylkesmannen stadfestar Lindås kommune sitt vedtak om etterjustering av tilskot for 2014.

Bakgrunn for saka

Private Barnehagers Landsforbund (PBL) har i brev av 19. mai 2015 klaga på Lindås kommune sitt vedtak om etterjustering av tilskot for 2014. Klagen gjelder utrekning av kommunal aktivitet og tilskotsgrunnlaget.

Fylkesmannens kompetanse

Det følgjer av forskrift om likeverdig behandling § 12 at Fylkesmannen er klageinstans for kommunens vedtak om tilskot. Fylkesmannen kan prøve alle sider i saka, jf. forvaltningslova § 34 andre ledd.

Fylkesmannens vurdering

Første spørsmål er om kommunen kan nytte eit høgare barnetal i utrekning av tilskotet enn det som er rapportert i Basil på same tidspunkt for 2014.

Spørsmålet er regulert i nåverande forskrift om likeverdig behandling, slik den var formulert i 2014.

Det følgjer av § 8 tredje ledd at «dersom kommunens regnskap viser at forbruket i de kommunale barnehagene avviker frå det som lå til grunn for fastsettelsen av tilskuddssatsene etter § 4 og 5, skal kommunen i forbindelse med kommunestyrets årlege fastsettelse av årsregnskapet fatte vedtak om etterjustering av tilskudd til ikke-kommunale barnehager».

I føresegna ligg det at alt meir- eller mindreforbruk i den ordinære drifta i kommunale barnehagar også skal gjelde for ikke-kommunale barnehagar.

Lindås kommune skriv at dei har born som startar i barnehagen frå 1. januar 2014, og at kommunen har tatt omsyn til desse borna for å finne den kommunale aktiviteten i løpet av

2014. Fylkesmannen er samd i at kommunen kan nytte eit høgare aktivitetstal enn det som er rapport i Basil, all den tid føresegna i forskrifa slår fast at kommunen skal beregne det faktiske forbruket i samband med utrekning av tilskot.

Fylkesmannen kan difor ikkje gi PBL medhald i denne delen av klagen.

Vidare skriv PBL i sin klage at kommunen i posten «andre fradrag drift» har trekt ut kr. 311 966,- frå berekninga. Av dette er ca. kr. 217 000,- knytt til artane 15401, 15500 og 19500. PBL meiner at desse artane ikkje skal inngå i berekningsgrunnlaget for tilskot.

Med dette skal vi forstå at dei utgiftene som ligg føre ikkje skal «nullast ut» med fondsmidlar/inntekter.

Kommunen viser til rundskriv Udir 6-2013. I merknad til § 4 i forskrifta slår Udir fast at nokre driftsutgifter er dekte av refusjon og utgiftsreduksjonar – til dømes sjukepengar. Desse refusjonane/utgiftsreduksjonane *skal* bli trekte ut av berekninga – altså i realiteten bli «nulla ut».

Dei aktuelle postane er:

- Matpenger (kr 26.596,-)
- Trivselspengar (kr 19.892,-)
- Midlar frå NAV (126.854,11)
- Kursmidlar (kr 38.660,-)
- Øvingslærar (kr 59.312,34)
- Gåver (kr 4.046,-)
- Møblar (utgiftsført – kr 58.000,-)

Kommunen skriv i sitt svar på klagen at kursmidlar og øvingslærar ikkje skulle vore trekt ut for 2014. Ikkje fordi det ikkje er høve til å trekke desse refusjonane frå utgiftene, men fordi periodiseringa var feil: Refusjonen/tilskotet hørte til andre år enn 2014. Kommunen rettar opp desse postane.

Fylkesmannen si vurdering er at summen i PBL sin klage (runda av til kr 217.000,-) og i kommunen sin oppsummering (kr 217.360,-) stemmer med enkeltpostane som er lista opp i kommunen sitt brev, så fremt utgifter til møblar vert trekte frå. Møblane er altså utgiftsført, og ikkje relevant for klagen.

Innbetalt mat- og trivselspengar skal trekkast frå. Det er grunn til å stille spørsmål ved kommunen sin praksis med å overføre overskot via fond frå år til anna, då dei innbetalte pengane tilhøyrar fordeledra/barna det konkrete året. Praksisen er ikkje dermed dei ikkje-kommunale barnehagane (private barnehagane) til ugunst. Utgift og refusjon/bruk av fond skal førast i same år.

Midlane frå NAV ser ut til å vere korrekt handtert. Dette er i stor grad midlar til diverse praksis- og tilretteleggingstiltak som også private barnehagar har krav på etter godkjent søknad. Tiltaka er i stor grad bruk av ekstra vikarar for å avlaste i barnehagar med høgt sjukefråvær. Det er etter det kommunen fortel ikkje bruk av vikarar *i staden* for sjukemeldte, men vikarar som arbeider saman med dei tilsette i barnehagar med mykje fråvær for å hindre høg arbeidsbelastning og påfølgande langtidsfråvær. Dei resterande midlane er nytta til tilrettelegging for delvis sjukemeldte og arbeidsutprøving.

Midlane kom inn sein på året 2013, og vart overført til 2014, som var det året tiltaka vart satt i verk. Det er viktig at utgift og fråtrekk for refusjon skjer same år. Fylkesmannen legg til grunn at utgiftene til dette dermed kan haldast utanfor gjennom fråtrekk av refusjon.

Møblar er driftsutgifter og er etter kva kommunen fortel ført som det. Fondsføringa har å gjøre med at tildeling av midlar og utgift kom i forskjellige år.

Kommunen har i sitt svarbrev tatt ansvar for at kr 90.037,- skal førast til berekningsgrunnlaget (som utgift til ordinær drift). Fylkesmannen finn at dei andre postane er korrekt handtert, og stadfestar difor kommunen sitt vedtak.

Klage

Fylkesmannen si avgjerd er endeleg. PBL kan ikkje klage på avgjerdet, men kan bringe saka inn for Sivilombudsmannen eller domstolen. Desse har ingen plikt til å behandle saka.

Med helsing

Anne K. Hjermann
utdanningsdirektør

Jarle Berggraf
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
PBL Private Barnehagers Landsforbund Prinsensgt 91 8003 BODØ